



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval:	Folgefonna nasjonalparkstyre
Møtestad:	Teams
Dato:	24.06.2025
Tidspunkt:	10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 25/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 26/25	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 27/25	Saksframlegg - Filming med drone og helikopterflyging i Buer LVO og Folgefonna NP - Amplio Productions Norway		2025/9641
ST 28/25	Referatsaker		
RS 14/25	Møteprotokoll ST 3 25 Folgefonna nasjonalparkstyre		2024/16502
ST 29/25	Delegerte saker		
DS 18/25	Løyve til droneflyging - Sauanutvatnet - Folgefonna nasjonalpark		2025/9337
DS 19/25	Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel med helikopter - Hjortedalen - Folgefonna nasjonalpark - Valestrand Beitesforening		2025/8893

ST 25/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 26/25 Val av styremedlem til å skrive under protokollen



Arkivsaksnr: 2025/9641-2
Sakshandsamar: Henriette Bye
Dato: 18.06.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	27/25	24.06.2025

Saksframlegg - Filming med drone og helikopterflyging i Buer LVO og Folgefonna NP - Amplio Productions Norway

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gir avslag på søknad om å fly med helikopter for å frakte folk inn i Folgefonna nasjonalpark og Buer landskapsvernområde i samband med TV-produksjon, med heimel i verneforskriftene og naturmangfaldlova.

Folgefonna nasjonalpark gir løyve til filming med heimel i § 48 i naturmangfaldlova med desse vilkåra:

- Løyvet gjeld 25.juni-6.juli 2025.
- Løyvet gjeld for inn til ein times flytid på kvar lokalitet.
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernereglane
- Filminga skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar.
 - Ved publisering av filmmateriale må det komme klart fram at søkjar har fått løyve til å filme frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
 - Om rovfugl eller ramn vert observert ved fyking skal ein straks avbryte filminga
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember kvart år** Merk med referanse: 2025/9641. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no


Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturrestat	Langebudalen

Saksopplysninger

Amplio Production Norway søker om løyve til filming med drone og flyging og landing med helikopter i Buer landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark i samband med TV-produksjon (figur 1). Innspelninga er planlagt utført i perioden 25. juni til 6. juli. Dei endelege datoane har vore usikre, og det vil vere naudsynt med noko slingringsmonn i forhold til ver. Det totale talet dagar skal avgrensast til fire dagar, men dei søkjar om å fly fem dagar innanfor det oppgeve tidsrommet.

Det er plan om å frakte utstyr og personell med helikopter. Planen er at helikopteret skal lande og lette totalt seks gonger per dag. Tre gonger ved start og tre gonger ved slutt, per område. Helikopteret vil aldri lande og skru av motoren, berre fly inn, sette av crew og lette igjen. Dei anslår at flygetida vil vere om lag 75 minutt på starten av opptaksdagane, og 75 på slutten.

Flytid drone per opptaksdag avgrensast til 120 minutt.



Figur 1. Oversikt over område der det skal flygast med helikopter og drone. Henta frå søknad.

Dei har òg planar om å fly ved sommarskiseret, men her utanfor verneområdegrensa.

Vurdering

Nasjonalparken og landskapsvernområdet har begge føremål om å sikre spesielle naturkvalitetar, samt sikre at «*ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging*».

Alle tiltak i verneområda må vurderast utifrå korleis dei vil verke inn på føremålet med vernet.



Motorferdsel

Verneforskriftene til verken Buer eller Folgefonna har opningar som tillèt motorferdsel med helikopter til det føremålet det søkjast om. Det søkjast òg om å drive rein persontransport i form av avsetting av crew. Det er ikkje opning for å søkje om dispensasjon gjennom verneforskrifta og difor må saka vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

Dersom ein kan vise til at aktiviteten ikkje strider i mot verneføremål eller påverkar verneverdiane nemneverdig, kan ein gje løyve til aktiviteten.

Verneverdiane som kan bli påverka av eit eventuelt løyve, vil hovudsakleg vere knytt til støy og forstyrring av dyreliv og besøkande, både frå helikopter- og droneflyging.

Forvaltningsplanen har nokre retningslinjer som kan vere aktuelle i dette tilfellet. Retningslinjene om motorisert ferdsel i forvaltningsplanen seier blant anna at

«Løyve til motorferdsel for pressa (t.d. fotografar og journalistar), vil normalt ikkje verte gjeve. Unntak kan gjerast dersom aktiviteten kan medverke til å fremje verneføremålet.»

Aktiviteten det søkjast om kan òg kategoriserast under undervisning. Ein av retningslinjene for motorferdsel i forvaltningsplanen knytt til undervisning seier at

«Undervisning som formidlar kunnskap om natur- og kulturmiljøet og som gjev auka forståing for naturvern er velkomen i verneområdet. Men heller ikkje slik verksemd må føre til skade på naturmiljøet eller vere til ulempe for andre.»

Eit av måla for forvaltinga av motorferdsel i verneområde er

«Å leggje til rette for at verneområda kan nyttast til forskning og undervisning, så lenge dette ikkje skapar auka press på verneområda og fører til skade på verneverdiane.»

I vurderinga må òg den langsiktige verknaden vurderast. Då flyginga er i samband med filming av eit program som potensielt kan føre til fleire besøkande, og dermed ei større belastning på områda, og verneverdiane. Då noko av føremålet med å filme ved breen er formidling av bresmelting og natur i endring, vil ei anna langsiktig verknad vere formidling av kva konsekvensar endringane i klima har på breane, og naturen som heilskap. Eit slikt program har òg potensiale til å fremje interesse for urørd natur.

Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette vil særleg gjelde i ein nasjonalpark. Motorferdsel vil vere eit framandelement, som berre kan tillatast til strengt naudsynte føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. For at tiltaket ikkje skal vera i strid med dei overordna måla for verneområdet eller mot verneformålet samla sett blir det stilt krav om at transporten skal vere naudsynt og ikkje skal påverke verneverdiane i vesentleg grad. Det bør ikkje gjevast løyve til

transport når det ikkje er naudsynt for ivaretaking av verneverdiane, eller til tiltak det ikkje er opna for i verneforskrifta. Både nasjonale retningslinjer og forvaltningsplanen legg vekt på at motorferdsel skal avgrensast i størst mogleg grad.

Droneflyging

Bruk av drone er i utgangspunktet forbode i Folgefonna nasjonalpark, etter § 3, punkt 7.2 i verneforskrifta om støy:

Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbør o.l. er forbode.

Under denne bestemminga fell òg bruk av drone. Det er ikkje opning for å søkje om dispensasjon gjennom verneforskrifta og difor må saka vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 i naturmangfaldlova. Dersom ein kan vise til at aktiviteten ikkje strider i mot verneføremål eller påverkar verneverdiane nemneverdig, kan ein gje løyve til aktiviteten.

Verneføremålet som vil vere mest påverka av flyging med drone er siste ledd:

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Tida det er søkt om å fyke med drone er det mange besøkande i området. Støyen forårsaka av drona kan ha ei verknad på korleis området opplevast for besøkande. Fykinga vil likevel vere avgrensa til ei kortare periode, og mykje av fykinga vil skje unna dei mest besøkte områda.

Buerdalen

Forvaltninga skal vurdere samla belasting som eit tiltak kan ha på naturmiljøet jf. nml § 10. Sjølv om transporten i dette tilfelle ikkje vil skade verneverdiane isolert sett, vil auka motorferdsel samla sett føre til utholing av vernet. Samla effekt av fleire tilsvarande tiltak vil redusere verneverdiane og vere i strid med verneføremålet, og i tillegg kunne skape ein presedens for liknande søknader i framtida. Nasjonalparkstyret har ikkje høve til å vektleggja omsynet til kvar enkelt søkjar sine ynskje når føremålet med transporten ikkje er naudsynt transport.

I den vedtekne strategien for handsaming av dronesaker fell denne saken inn under «forskning, naturdokumentasjon», med følgjande føringar:

Tabell 1. Del av matrise henta frå retningslinjer for handsaming av dronesaker.

Type søknad	Løyve?	Vilkår ved ja / grunngeving på avslag
Forskning, naturdokumentasjon	Ja, med vilkår	Styre unna sårbare område på sårbare årstider Ikkje forstyrre friluftslivet



Buer landskapsvernområde er ein viktig innfallsport til nasjonalparken, og er difor mye nytta til friluftsliv. Dette gjeld spesielt i periode det er søkt om å filme. Det meste av filminga skal utførast i område der det er færre som ferdast, men det er mogleg at fykinga vil kunne oppfattast som sjenerande for brukarar av området.

Konklusjon: Forvaltar rår i frå å gi løyve til persontransport med helikopter i Buer landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark, då presedensverknad og press på området allereie er stort. Det er mindre belastande å filme med drone i dei same områda og forvaltar meiner det er opning for å gje løyve til dronofilming som omsøkt med visse vilkår.

ST 28/25 Referatsaker



Møteprotokoll

Utval: Folgefonna nasjonalparkstyre

Møtestad: Juklafjord, Jondal

Dato: 12.06.2025

Tidspunkt: 09:30 - 12:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Aga Haug	Medlem	Ullensvang kommune
Sigrid Brattabø Handegard	Medlem	Vestland fylkeskommune
Mette Heidi Bergsvåg Eikreim	Medlem	Etne kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Vegard Bjørnevik	Medlem	Kvinnherad kommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Thea Vaage		Kvinnherad kommune

Merknader:

Andre frammøtte:

Namn
Astrid Bakke Haavik

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 20/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 21/25	Framlegg - Oppføring av minnesmerke etter ulykke i Bondhusdalen		2025/6333
ST 22/25	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 23/25	Referatsaker		
RS 13/25	Svar - Folgefonna nasjonalpark - revidering av forvaltningsplan		2023/15549
ST 24/25	Delegerte saker		
DS 8/25	Løyve til flyging med drone i Folgefonna nasjonalpark - Folgefonni Breførarlag		2025/6335
DS 9/25	Løyve til helikopterflyving i Folgefonna nasjonalpark - Vierdal		2025/7660
DS 10/25	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikoptertransport - Mosdal - Mosneselva - Lono		2025/5723
DS 11/25	Delegert vedtak - Droneflygning for tilsyn med sau på beite - Bjørndal - Andersfjell og Vetle Laurdal - Folgefonna nasjonalparkstyre		2025/6334
DS 12/25	Søknad om endring av løyve til motorferdsel - Markjelke til Buerstølen - Folgefonna nasjonalparkstyre		2025/5772
DS 13/25	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - løyve - bruk av drone - Folgefonna - Flimmer Film		2025/2506
DS 14/25	Utvida løyve - Buer landskapsvernområde - motorferdsel med helikopter - utskifting av stolper til taubane - vedlikehald - Buerstølen - Bjørn Buer		2024/9413
DS 15/25	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikoptertransport - Frå Sandvin til Vierdal		2025/5385
DS 16/25	Løyve til motorferdsel med i Folgefonna nasjonalpark - bygging av vedbod - Hjortedalen - Valestrand Beitelag		2023/17709
DS 17/25	Søknad om motorferdsel til utfyking av felt hjortevilt - Sandvin - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre		2024/13826

ST 20/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.06.2025

Handsaming i møte

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart samrøystes vedteke.
Roald Aga Haug vart vald til å skrive under protokollen.

ST 21/25 Framlegg - Oppføring av minnesmerke etter ulykke i Bondhusdalen

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.06.2025

Handsaming i møte

Styret vil finne ei løysing for pårørande som ikkje kjem i konflikt med andre brukarar. Forvaltar søker å gjere dette saman med Kvinnherad kommune.

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre avslår søknaden og vil søkje å finne ei løysing for minnesmerke saman med andre relevante styresmakter, som også ivaretek familiens behov for å minnast avdøde.

ST 22/25 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.06.2025

Handsaming i møte

Vedtak

Roald Aga Haug vart vald til å skrive under protokollen.

ST 23/25 Referatsaker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.06.2025

Handsaming i møte

- Folgefonna Husky Camp: styret har fått inn spørsmål om alle vilkåra i løyvet er oppfylt. Roald tek saka vidare og undersøker med Ullensvang kommune.
- Status tiltaksmidler: Ein del mindreforbruk til no. Forvaltar forventar å få brukt opp det meste.
- Studietur til Jostedalen 1. september. Forvaltar presenterte tentativt program.
- Plakater er bestilt og klare til oppsetjing

Vedtak

Styret tek referatsakene til vitande.

ST 24/25 Delegerte saker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.06.2025

Handsaming i møte

Vedtak

Styret tek dei delegerte sakene til vitande.

ST 29/25 Delegerete saker



**Folgefonna
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonnsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3008
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Bjørnar Bukholm
Dokken 10
5006 BERGEN

Saksbehandlar Henriette Bye

Vår ref. 2025/9337-2 432.3

Dykkar ref.

Dato 16.06.2025

Delegert vedtak

Delegasjonssak	13/2025
----------------	---------

Løyve til droneflyging - Sauanutvatnet - Folgefonna nasjonalpark

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Bjørnar Bukholm får løyve til å fly med drone inne i Folgefonna nasjonalpark for å filme forskningsmateriale for Universitetet i Bergen. Løyvet gjeld for inntil tre turar og totalt 1,5 timar flygetid inne i nasjonalparken ved Sauanutvatnet.

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd, og gjeld på desse vilkåra:

- Løyvet gjeld i tidsrommet mellom 20. og 30. juni 2025.
- Det skal ikkje flygast på sundagar, og så godt det lar seg gjere, ikkje på laurdagar.
- Flykinga skal haldast innanfor det området er det søkt om.
- Av omsyn til friluftslivet skal det ikkje flykast på dagar med mange besøkande.
- Om rovfugl eller ramn vert observert ved flyking skal ein straks sette dronen på bakken.
- Ved flyking skal løyvet bringast med. Besøkande skal informerast om at ein flyg med løyve frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Det skal kome klart fram ved framvising av materialet at det er eit verna område, og at flykinga er utført med løyve.
- Rapport over utført flyking skal sendast til folgefonna@statsforvalteren.no med referanse 2025/9337 innan 31.07.2025.
- Søkjar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver frå grunneigar og for at aktiviteten er i tråd med FOR-2015-11-30-1404 *Forskrift om luftfartøy som ikkje har fører om bord mv.*

Nasjonalpark	Folgefonna
Naturreservat	Langebudalen
Landskapsvernområde	Bondhusdalen, Buer, Hattebergdalen, Ænesdalen

Søknaden

Bjørnar Bukholm søker om løyve til å fyke med drone i Folgefonna nasjonalpark 23./24. juni 2025. Fykinga skal utførast ved Sauanutvatnet (figur 1), og skal utførast i samanheng med ei masteroppgåve om katastrofetapningar (GLOF). Forskingsarbeidet vil bli utført med professor Jostein Bakke som hovudvegledar og ansvarleg. Fykinga det er søkt om skal utførast på éin dag, men vêrtilhøva gjer det usikkert akkurat når fykinga kan utførast. Tidsbruken er estimert til om lag éin time.



Figur 1. Område for fykinga over og rundt Sauanutvatnet. Kjelde: Søknad om bruk av drone.

Verneforskrift og verneformål

Saka gjeld bruk av drone i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, § 48 i naturmangfaldlova og forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal òg vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Bruk av drone er i utgangspunktet forbode i Folgefonna nasjonalpark. Det går fram av verneforskrifta for Folgefonna § 3, punkt 7.2 om støy:



Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.

Under denne bestemminga fell òg bruk av dronar. Det er ikkje opning for å søkje om dispensasjon gjennom verneforskrifta og difor må saka vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

Dersom ein kan vise til at aktiviteten ikkje strider i mot verneføremål eller påverkar verneverdiane nemneverdig, kan ein gje løyve til aktiviteten. Føremålet med vernet av Folgefonna, § 2 i verneforskrifta, vil då vere førande:

Formålet med nasjonalparken er å:

- *ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og*
- *variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre*
- *ta vare på verdfull vassdragsnatur*
- *sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar*
- *sikre viktige geologiske førekomstar*
- *sikre verdfulle kulturminne.*

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Vi kan ikkje sjå at bruk av ei mindre drone, i eit avgrensa tidsrom, er i strid med verneføremålet. Ein skal likevel ta med seg at «*Ålmenta skal ha høve til naturoppleving [...]»*, og ein må difor passe på å ikkje opne for aktivitet som kan redusere opplevinga i nemneverdig grad.

I tidsrommet det er søkt om å fyke og oppe på sjølve breen og det omkringliggjande landskapet, kan vi ikkje sjå at det er andre verneverdiar som vil bli nemneverdig påverka av aktiviteten. Vi kan difor slå fast at dispensasjonsheimelen i nml § 48 første ledd kan brukast.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Søkjjar er sjølv ansvarleg for å ha løyve og godkjenningar frå kommune, grunneigar og luftfartsmyndigheiter i den grad det er naudsynt.

Folgefonna nasjonalparkstyre har i styrevedtak ST 3/17 delegert vedtaksmynde i kurante saker der forvaltar til dømes kan støtte seg på retningslinjer som tidlegare er vedtekne av styret.

Vurdering

Sjølv om vi no har slått fast at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve gjennom nml § 48, so skal det framleis gjerast ei fagleg og skjønsmessig vurdering kor vidt det er tilrådeleg å gje løyve. Mellom anna må ein sjå til dei retningslinjer og forvaltningspraksis som forvaltninga



har lagt til grunn tidlegare. Folgefonna nasjonalparkstyre vedtok i 2018 retningslinjer for handsaming av dronesøknader. Der er det ei matrise som legg føringar for vurdering av ulike type søknader (tabell 1).

Tabell 1. Del av matrise henta frå retningslinjer for handsaming av dronesøknader.

Type søknad	Løyve?	Vilkår ved ja / grunngeving på avslag
Forsking, naturdokumentasjon	Ja, med vilkår	Styre unna sårbare område på sårbare årstider Ikkje forstyrre friluftslivet

Denne saka vert kategorisert som «Forsking, naturdokumentasjon» og retningslinjene frå styret seier at dette er ein type søknad som vanlegvis får løyve.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av drone i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8.

Det er gjort ein registrering av kongeørn om lag 2 km unna området det er søkt om (artskart). Det er kjent at rovfugl og kråkefuglar som kan finnast i området kan reagere negativt på dronar, særleg når dei dannar territorium rundt hekketida. Det er lite truleg at fykinga vil ha negative følgjer innanfor tidsrommet det er søkt om. For å unngå skade på fugl og forstyrring skal dronen likevel setjast på bakken med ein gong ein ser slik fugl i nærleiken. Det er ikkje registrert nokre naturtypar i nærleiken av området som kan ta skade av fykinga (naturbase).

Ein bør so godt som råd unngå å forstyrre friluftsbukarar i området, til dømes gjennom å unngå tidspunkt med mykje utfart og ved å halde avstand til turfolk. Eit tiltak for å unngå forstyrring er å avgrense mesteparten av fykinga til kvardagar. Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette må vi rekne med er særleg gjeldande når folk ferdast i ein nasjonalpark, der urørt natur er hovudføremålet med vern. Dronar fører med seg vesentleg støy og kan difor berre tillatast til spesifikke føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Både nasjonale retningslinjer og forvaltningsplanen legg vekt på at støy i urørt natur skal avgrensast i størst mogleg grad.

Det er relativt få dronesaker i Folgefonna nasjonalpark. Omfanget av motorferdsel generelt er lågt. I tillegg er denne saka i tråd med vedtekne retningslinjer og vil difor ikkje skapa nokon ny presedens. Samla belastning (jamfør nml § 10) er difor innanfor det akseptable. Etter nml § 12 kan ein sette krav om at mest skånsame metode og lokalisering skal brukast. Her kan vi vise til at bruk av drone er vesentleg meir skånsam enn bruk av helikopter. Kravet i nml § 12 er difor oppfylt. Nml §§ 9 og 11 ikkje relevante i denne saka.



Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Henriette Bye
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

Etne kommune
Statsforvaltaren i Vestland
SNO Rosendal

Sjoarvegen 2

5590

ETNE



**Folgefonna
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonnsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3008
sflvpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Valestrand beitelag

Saksbehandlar Henriette Bye

Vår ref. 2025/8893-5 432.3

Dykkar ref.

Dato 17.06.2025

Delegert vedtak

Delegasjonssak	14/2025
----------------	---------

Løyve til motorferdsel med helikopter - Hjortedalen - Folgefonna nasjonalpark - Valestrand Beitelag

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Valestrand Beitesforening utviding og endring av løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. Løyvet erstattar tidlegare løyve med dokumentreferanse 2023/17709-19. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 1. mai til 14. juli.
- Løyvet gjeld for transport av materiale, og eventuelt personar i same hiv, til Hjortedalen.
- Løyvet gjeld for fem turar frå Eljarvik til Hjortedalen.
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg.
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon 907 73 117.
- Det skal førast køyrebok som synar dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner.
- Køyreboka skal følgje med under transporten.
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember. Merk med referanse: 2025/8893. Send gjerne på e-post til: sflvpost@statsforvalteren.no.

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Etne kommune om dette.

Nasjonalpark	Folgefonna
Naturreservat	Langebudalen
Landskapsvernområde	Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



Søknaden

Valestrand Beitelag har tidlegare motteke løyve for motorferdsel med helikopter for å fly inn materiale til bod og gjerdemateriale. Det opphøvelege løyvet gjeld mellom 1. mai og 1. juli. Grunna forseinkingar i levering av materiale, søker dei no om å utvide tidsrommet for løyvet med to veker. I denne søknaden søker dei òg om persontransport for dei som skal sette opp vedboden, som førre løyve ikkje opna for. Årsaka er at vegen opp til hytta er rast ut, og raset gjer det vanskeleg å koma frem til hytta. Dei søker difor om éin tur med helikopter i tillegg til dei dei har fått løyve til tidlegare.

Verneforskrift og verneformål

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal òg vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsle etter § 3 pkt. 6.1. Det er likevel opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

b) Motorferdsel i samband med husdyrhald

f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus og liknande.

I følgje forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark er nødvendig transport i samband med husdyrhald: Å frakte utstyr til bruk i næringa, t.d. saltsteinar, gjerdemateriell, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus og proviant til slike.

Retningslinene i forvaltningsplanen for verneområda konstatera at:

Motorisert persontransport er forbode.

Det opnast difor ikkje for å utføre reine flygeturar for frakt av personar.

Det er likevel i rundskriv T-1/96, «Om lov om motorferdsel i utmark og vassdrag», spesifisert at det er mogleg å gje dispensasjon til persontransport i tilfelle der dette kan utførast i same hiv som transport av utstyr og materiell (sitat på bokmål):

[...] Når det er gitt tillatelse til transport av bagasje og utstyr, må det imidlertid være adgang til å la personer sitte på, når det er plass til det sammen med bagasjen. Forutsetningen er således at passasjertransporten ikke må medføre ekstra kjøring. [...]

Forutsetninga for å drive persontransport saman med frakt av material, er at transport av personar ikkje førar til auka tal turar. Det er difor ikkje høve til å auke tal hiv.

Det er eit mål etter forskrifta å halde motorferdsel til eit minimum. Behovet for motortransport etter pkt. 6.3 i vernereglane skal vurderast strengt og nøkternt før det vert gjeve løyve.



Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneføremålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12

Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn utstyr i samband med vedlikehald av hytter og stølshus, og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med helikopter for å unngå slitasje på terreng.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. Det kan potensielt hekke kongeørn i området. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 17.03.2025).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Helikopter er einaste aktuelle transportformen. Motorferdsel i naturen fører til ei rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konfliktrar med friluftslivet.

Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagrar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig uroing av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og meiner den er avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevant i denne saka, då vi har tilstrekkeleg kunnskap om verknadene av tiltaket og det ikkje vert forringing av miljøet som må kostnadsdekkast.

Tiltaket omfattar **fem** turar med helikopter. Då det ikkje er høve til å gje dispensasjon til løft berre for persontransport, er det ikkje gjeve løyve til fleire turar. Det er opna for å utføre persontransport i same hiv som materialtransport. Kvar tur vil ha kort varigheit. Det var gjeve eit anna løyve til helikopterløft til Sandvikdalen i mai. Utvidinga av tidsrommet i dette løyvet vil ikkje føre til ei auka belastning. Ut frå tidsrommet for ferdsel og kjennskap til artsmangfald så er verknaden for naturmangfald vurdert til å vera svært liten.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Køyreboka skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember**.



Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Henriette Bye
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

Etne kommune
Statsforvaltaren i Vestland
SNO Rosendal

Sjoarvegen 2

5590

ETNE